



Br. Musland Maskin AS er i dag m.a. i arbeid i Ospelunden.

**Kvart år kårar Dagens Næringsliv dei mest vellukka gasellane i landet. Ein gaselle er i denne samanhengen dei raskast veksande og mest vellukka bedriftene. Eit av kriteria til ei gasellebedrift er at dei skal ha minst dobla omsetnaden i løpet av 4 år. Br. Musland Maskin AS er ei av 5 bedrifter i Kvinnherad som i år er kåra til gasellar.**

Med denne fine utviklinga seier det seg sjølv at Br. Musland har hatt bra med arbeid siste åra. Roar og Tore Musland etablerte firmaet i 2005, og i 2011 vart det omdanna til AS. Roar Musland fortel at dei heile tida har teke på seg større og mindre oppdrag. Akkurat no er ein maskin i arbeid i Ospelunden som har vore ein god samarbeidspartnar og oppdragsgjevar. Dei er i arbeid med gråsteinmuring i Lundsvingane, og elles nemner han tomtarbeid i Prestnes og hyttetomter på Svoldal.

Akkurat no er alt arbeidet her i kommunen, men tidlegare har dei m.a. hatt store oppdrag utanfor kommunen. Han nemner spesielt arbeid med hyttefelt på Seljestad, og Roar fortel at det er planlagt meir arbeid der til neste år. I samband med dette rosar han det gode samarbeidet dei har med Tungesvik i Skånevik.

Kvinnherad har og vore ein stor og god kunde som har betydd mykje for firmaet. Br. Musland hadde i 2016 ein omsetnad på 16,9 mill. kr, og veksten dei siste 4 åra hadde vore på 152%. Firmaet har i dag 6 arbeidsplasser, og Roar Musland seier avslutningsvis at det ser veldig bra ut med arbeid for 2018. Vi gratulerer Br. Musland med kåringa, og sender også gratulasjonar til dei 4 andre Kvinnheradsfirmaa som vart kåra til gasellar av Dagens Næringsliv. Det var fiskarane Benjaco AS, TS Entreprenør AS, Byggservice AS og Rosendal Bygg og Varme.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland